

**OSLOMET**

# Årsrapport for Læringsmiljøutvalet ved OsloMet, studieåret 2022–2023

OSLO METROPOLITAN UNIVERSITY  
STORBYUNIVERSITETET



## Om Læringsmiljøutvalet (LMU)

Styret ved OsloMet har det overordna ansvaret for å sikre studentane eit godt og fullt forsvarleg læringsmiljø, jf. Lov om universiteter og høyskoler § 4-3. Omgrepet læringsmiljø omfattar fysiske, psykososiale, organisatoriske, digitale og pedagogiske forhold, og skal bli forstått som heilskapen av alle desse forholda. LMU rapporterer direkte til universitetsstyret, og skal gi råd til styret i saker som dreier seg om læringsmiljøet ved OsloMet. LMU sitt arbeid inngår i OsloMets kvalitetsarbeid.

Læringsmiljøutvalet er samansett av like mange studentar som tilsette. Dei tilsette blir peikt ut for ein periode på fire år. Studentrepresentantane blir peikt ut for eitt år av gongen. Funksjonsperioden følgjer studieåret. Rollene leiar og nestleiar vekslar årleg mellom representant frå dei tilsette og studentane. LMU gir årleg ein rapport til universitetsstyret om utvalet sitt arbeid.

Rektor nemner opp tilsette Læringsmiljøutvalget. Studentparlamentet nemner opp studentar til utvalet. Våren 2023 var LMU samansett av desse personane:

### Studentar:

- Mats Ugland, læringsmiljøansvarlig i arbeidsutvalget, TKD
- Henriette Bøe, HV
- Hai Wei Shen, TKD
- Hasan Ali, HV
- Amalie Fadler Opdal, TKD
- Oliwia Skowron, LUI

### Tilsette:

- Silje Fekjær, prorektor for utdanning
- Vigdis By Kampenes, direktør for organisasjon og infrastruktur
- Dragana Surkalovic, studieleiar, LUI
- Kari Hjerpaasen, studieleiar, HV
- Eva Marie Ballo, seniorrådgjevar, avdeling for utdanning
- Julie Backer, seksjonssjef, avdeling for samfunnskontakt og kommunikasjon

### Personlege vara i rekkefølge:

- Hege Undem Store, bibliotekdirektør
- Mariann Hole, eigedomsdirektør
- Emilia Andersson-Bakken, førsteamanuensis, LUI
- Kaare Magne Nielsen, instituttleiar, HV
- Inger-Helen Olsen, rådgjevar, avdeling for utdanning
- Lars Hilland, seniorrådgjevar, avdeling for samfunnskontakt og kommunikasjon

### Faste observatører:

- SiO Helse v/Trond Morten Trondsen
- Avdeling for HR v/Karin L. Bakke
- Studentlivsordinator Hedda Eline Rand

I studieåret 2022–23 leia Silje Fekjær, prorektor for utdanning, utvalet. Mats Ugland var nestleiar. Avdeling for utdanning utfører sekretærfunksjonen i utvalet, ved Kyrre Matias Goksøyr. Utvalet gjennomførte seks møter i perioden, og deltok i desember 2022 på eitt felles møte med læringsmiljøutval frå andre utdanningsinstitusjonar i Oslo.

## Anbefalingar frå LMU

Basert på arbeidet i perioden 2022–2023, og med forankring i sentrale styrande dokument for OsloMet, anbefalar læringsmiljøutvalet at OsloMet prioriterer dei følgjande områda i det vidare arbeidet med å sikre eit godt læringsmiljø for studentane våre:

- Studenttilfredsheit og studenttilhøyrslø
- Studenttillitsvaldsystemet
- God kommunikasjon med, til og mellom studentar
- Studentar sin tilgang til kvalitetsarbeidet
- Studiestart
- Vidareføring av mentorordningar
- Integrerere Læringsmiljøutvalet betre med OsloMet sitt arbeid med læringsmiljø

### Forankring av anbefalingane i styrande dokument

Desse anbefalingane er forankra i styrande dokument for OsloMet, mellom anna *Tildelingsbrev 2023 til OsloMet – storbyuniversitetet, Langtidsplan og -budsjett for OsloMet 2023–2025* og *Risikovurdering 2023 og risikoreduserende tiltak*.

I tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet for 2023 er styringsparameter 12 å «Utvikle gode læringsmiljøer som bidrar til faglig og sosialt fellesskap i samarbeid med studentene». LMU meiner at studenttilfredsheit og studenttilhøyrslø er grunnleggjande føresetnader for gode læringsmiljø. Utfordringar med tilfredsheit og tilhøyrslø har kome fram i studentundersøkingar ved OsloMet over tid, og det er behov for varig satsing for å betre forholda.

Dette blir også støtta av Langtidsplan og -budsjett 2023–2025 for OsloMet. Hovudmål, 1 Utvikling av utdanningsaktivitet, seier «I lys av resultatane fra undersøkelsen "Sisteårsstudenten", som viser at overordnet tilfredshet og tilfredshet med læringsutbytte har gått ned under pandemien, skal OsloMet jobbe med å bedre studentenes læringsmiljø og heve undervisernes kompetanse.» Hovudmål 4, Lærings- og arbeidsmiljø, utdjupar dette: «OsloMets faglige og sosiale læringsmiljø har ifølge Studiebarometeret hatt en negativ utvikling fra 2015 til 2021. I tillegg viser undersøkelsen Sisteårsstudenten som ble gjennomført våren 2022, at overordnet tilfredshet med studieprogram og tilfredshet med læringsutbytte har sunket etter to år med pandemi. Perioden med pandemien har vært spesielt krevende for mange studenter, og er en sterk oppfordring til universitetet til å arbeide med studiemiljø og psykososiale forhold»

Dette har ført til at i den oppdaterte risikovurdering, behandla i Universitetsstyret 15. juni 2023, er studentane sine læringsmiljø vurdert til høgste risiko (aktualitet 3 og konsekvens 3):

*Studentundersøkelser viser at studentene er generelt sett noe mindre tilfredse med sine utdanninger og tilværelsen som student enn tidligere, og OsloMet har de to siste årene ligget litt lavere enn det nasjonale snittet. Det nasjonale snittet har også sunket de siste årene, men ikke så mye som snittet for OsloMet. Det er risiko for synkende omdømme og lavere søkertall som følge av resultater fra evalueringer av studentenes læringsmiljø. Det er viktig å skape et godt læringsmiljø for studentene, og å sikre en høy gjennomstrømning på studiene. Viktige tiltak:*

- *Styrke det psykososiale og faglige læringsmiljøet, blant annet gjennom studentassistenter og mentorordninger*

## Utdjuping av anbefalingane

Læringsmiljøutvalet understrekar tydinga dei studenttillitsvalde har for arbeidet med å bygge godt læringsmiljø. Det er avdekt utfordringar knytt til rekruttering av tillitsvalde og korleis undervisarar og administrasjon samarbeidar med tillitsvalde. Det er behov for tydelegare avklaringar av ansvar. Ansvar for tillitsvaldssystemet ligg på mange nivå, og det er ei oppleving av at tilsette ikkje alltid forstår kor viktig ei fungerande tillitsvaldordning er for god informasjon og godt studiemiljø. Dette handlar om inkludering og kommunikasjon, og utfordringane er størst i møte mellom tillitsvalde og faglærar.

Behovet for ei løysing som kan lette arbeidet med å registrere og gjere tilgjengeleg informasjon om kven som er tillitsvalde og kvar det manglar tillitsvalde, har vorte påpeikt over langt tid. OsloMet sin kvalitetsrapport for 2018–2019 omtaler dette som eitt av ti tiltak på institusjonsnivå. Komiteen i NOKUT sitt tilsyn med kvalitetsarbeidet anbefalte i april 2020 at OsloMet skulle etablere eit slikt register. I 2022 uttrykte rektor i møte med Studentparlamentet sitt arbeidsutval ei forventning om at dette skulle bli følgt opp.

God kommunikasjon er vesentleg, studentundersøkingar viser over tid at det har mykje å seie for studentane. Analysen [Hva er viktigst for overordnet studenttilfredshet?](#) viser at tilfredsheit med studieadministrasjon og informasjon har tydeleg påverknad. Å sikre god informasjon til studentar, og å ta på alvor at det må vere samsvar mellom informasjon studentane får frå undervisar og frå administrasjon, er viktig for læringsmiljøet. I dette arbeidet kan tillitsvalde vere eit av fleire verktøy for å bidra til god kommunikasjon.

Studentar treng informasjon om korleis tilbakemeldingane deira blir brukt til å forbetre utdanningane. Emnerapportar med emneansvarlege sine vurderingar av kvaliteten må bli gjort tilgjengeleg for studentane, og det må vere eit samspel med tillitsvalde om utforming av rapportane. Emneansvarlege bør systematisk sørge for at evalueringsformene gir grunnlag for utvikling av kvaliteten i emne, og som legg til rette for ei tilbakemeldingssløyfe til studentane.

Studiestart må prioriterast, for å halde på og integrere studentane. Å fokusere innsats mot den første delen av studiereisa er ei anbefaling som også er fremma frå Den gode studentopplevinga (DGS). Det er fleire erfaringar frå DGS som LMU vil anbefale å bygge vidare på. Mentorordningane har fungert godt, og er eit døme på korleis OsloMet kan legge til rette for at studentar skal kunne hjelpe studentar.

Universitets- og høgskulelova (uhl) definerer at «Læringsmiljøutvalget skal bidra til at bestemmelsene i § 4-3 blir fulgt, og sikre studentenes medvirkning i prosessene som berører læringsmiljøet.» Det er ein risiko for at LMU blir ein parallell struktur med for dårlege koplingar til andre linjer. Til dømes kunne ein tenke seg betre kopling mot utdanningsutval ved fakultet og til kvalitetsarbeid på ulike nivå. LMU prøvar å bøte på dette ved å invitere ulike delar av organisasjonen til å legge fram saker, med mål om at diskusjon i LMU skal gi bidrag til vidare arbeid med læringsmiljø. Det er samtidig gjort tydeleg i uhl at «Styret har ansvar for at læringsmiljøet på institusjonen er fullt forsvarlig ut fra en samlet vurdering av hensynet til studentenes helse, sikkerhet og velferd.» Det er altså styret sitt ansvar at det systematisk blir lagt til rette for at LMU skal kunne fylla si rolle i å bidra til at føresegnene om læringsmiljø blir følgt.

Læringsmiljøutvalet peikar på at ein [fråfallsanalyse gjort ved OsloMet](#) viser at godt psykososialt læringsmiljø verkar førebyggjande på fråfall frå studieprogramma. Bidrag til eit betre læringsmiljø er difor ein innsats som også kan gi positive økonomiske konsekvensar.

# Oppsummering av saker i LMU studieåret 2022–2023

Under følger korte oppsummeringar av saker LMU har diskutert det siste året. Fullstendige referat er publisert på [Opengov \(opengov.360online.com\)](https://opengov.opengov.360online.com).

## Korleis kan LMU bidra?

LMU hadde ein første diskusjon om korleis diskusjonane i utvalet kan bidra til endring. LMU har ikkje har eige budsjett, og kan heller ikkje fatte vedtak som tvinger fram handling. LMU har hatt god utvikling dei siste åra, og utvalet opplever å ha gått frå å få mykje god informasjon til å ha gode diskusjonar. Det manglar framleis litt på å føre gode diskusjonar fram til påverknad. I diskusjonen kom det opp fleire moment, mellom anna:

- Kople sakene tettare på andre organ, med anbefaling. Synleggjere i sakene kva organ dei burde vere aktuelle i
- OsloMet er stort, og korleis det blir tenkt om læringsmiljø rundtom har vi lite oversikt over. LMU kunne oftare be om informasjon frå dei som sit tettast på sakskompleksa
- LMU kan vere meir aktivt inn mot arbeidet med strategi
- Vere konkret og prioritere, og å tenke forslag i høve tid for budsjettprosessar
- Bruke LMU-medlemmane til å bringe saker vidare organ dei har tilgang til
- Diskusjon om rolla til medlemmane i LMU, og koplingane til linjene folk jobbar i
- Vise fram korleis dei ulike medlemmane i LMU jobbar med læringsmiljø i det daglege

## Plan for arbeidet vidare

Ein open diskusjon fekk opp mange tema LMU burde ha til diskusjon i det komande året. Utvalet samla seg om nokre saker som mange hadde interesse for, og som utvalet trur det er mogleg å bidra til utvikling i:

### Lokale og kultur for å høyre til ein stad

Temaet har kome opp i studentundersøkingar og evalueringar over tid, og det er tydelege samanhengar med læringsmiljø. Mange høve spelar inn, til dømes ønske om timeplan som gir studentane bygg og rom på campus å høyre til, studentstyrte areal og studentpub.

### Rekruttering og oppgåver for tillitsvalde

Det er vanskeleg å få mange nok tillitsvalde. Det er eit potensial her for å gi energi til organisasjonen. Korleis gjer vi det attraktivt å vere tillitvald? Korleis brukar vi tillitsvalde?

### Kommunikasjon til og mellom studentar

Formidling og kommunikasjon til og mellom studentar er ei utfordring. Kommunikasjon kan gjerne invitere til møte og diskusjon om kanalar.

## Bibliotekutvikling

Biblioteksdirektør har to gongar innleia om planane for vidare utvikling av Universitetsbiblioteket. Rammene for utviklinga er:

- Det skal vere tre bibliotek i Pilestredet, og dei skal moderniserast
- Finansiering har i løpet av perioden blitt avklart
- Oppgradering og fornying er i planen

Biblioteket er opptatt av å få vite korleis studentar og LMU ønsker å få medverke, særleg om korleis vi får til god studentinvolvering vidare. Studentar og andre sin bruk av biblioteket har vore undersøkt i løpet av prosjektet, og vil vere styrande for kva som blir målsetting for oppgradering. Fleksible lokale er viktig, det same er informasjon, til dømes på student- og tilsettsider. Dei tre biblioteka har litt ulike behov, men i periodar må bøker ut og biblioteket stengast.

## Kommunikasjon med og mellom studentar

Situasjonen no er at kommunikasjonen til studentane oppleves som noko kaotisk. Studentar med norsk som andrespråk kan oppleve det som ekstra utfordrande. OsloMet oppleves som spreidd og fragmentert. Studentar kjenner på at det er lite kommunikasjon *mellom* tilsette. Om informasjon som kjem ut er riktig eller om innspel frå studentane blir følgt opp, kjennes veldig personavhengig. Ein får veldig mykje informasjon, men det heilskaplege bildet er vanskeleg å få oversikt over. Det finst ei oppleving av at det finst system og rammer som ikkje fungerer godt for fagleg tilsette og som difor gjer at ein får motstridande informasjon. Undervisarsida kan på si side oppleve at det oppstår studentstyrte nettverk som deler informasjon som så kjem i staden for den offisielle informasjonen.

På den positive sida har OsloMet arbeida med dette. Til dømes har Den gode studentopplevinga (DGS) støtta eit introduksjonskurs for nye studentar, studentmentorar har blitt oppfordra til å vise til dette. Samfunnskontakt og kommunikasjon (SK) gjer undersøkingar som gir kunnskap om kva studentar ønsker seg og kva som er utfordringane rundt kommunikasjon. SK trur studentane ikkje ønsker at *all* informasjon skal vere på *ein* stad, men at ein som student skal vite kva informasjon ein kan vente å få eller finne i kva kanal. SK og Arbeidsutvalet i Studentparlamentet følgjer opp denne diskusjonen. Tillitsvaldkonferansen er ein god arena for denne tematikken.

## Status for Den gode studentopplevinga og vegen vidare

Programleiar for Den gode studentopplevinga innleia til diskusjon. Mange forsøk er gjennomført, no startar arbeidet med å sette i verk, dele og få nytte av dei gode ideane. I arbeidet vidare ønsker DGS å invitere til møte med studentar, tilsette og ulike forum i organisasjonen, for å diskutere avgrensa temattikkar som har vist seg å vere viktige. Studentar er med i både utvikling av prosjekt, i DGS som program og som bidragsytarar i følgjeforskinga. LMU minte om studentinvolvering er krevjande å gjere godt, og at det er viktig å følgje opp og å lære av dei gongane ein har fått til god studentinvolvering.

## Studentane si helse og trivselsundersøking (SHoT)

Leiar SiO Psykisk helse, Rådgjeving og Helsefremmande tenester innleia til diskusjon om resultata og erfaringar SiO har frå arbeid med undersøking og tilboda dei har. Diskusjonen kom innom ulike tema som påverkar arbeidet med helse- og trivsel. Det er flott med mange tiltak frå SiO, men det er høg terskel for å finne og å ta i bruk det som finst. Det er ei utfordring for SiO å nå ut med informasjon, konkurransen om merksemd er høg.

Organisering av fadderveka kan vere ei utfordring. Nokre utdanningar har høgt undervisningstrykk frå første dag, det gjer det både vanskeleg å delta som ny student og å melde seg som fadder. OsloMet har ei stor gruppe eldre studentar, desse tiltrekkes ikkje av fadderveka. Vi bør løfte diskusjonen om kva «fadderordning» er og skal vere til eit høgare nivå.

Studier og jobb tar mykje tid og gjer det vanskeleg å prioritere sosialt liv. Det er også vanskeleg å få studentar med i studentforeiningar og som tillitsvalde. Relevans og tilgjengelegheit av studentforeiningar er ei utfordring. Studentlivskoordinator er ei viktig rolle for å få dette arbeidet til å fungere. Studentar som har vore i mentorordninga opplyser at mentorar er veldig viktig for at studentar ønskjar å fortsette på studium. Mentorordningane er pressa på økonomi.

## Campusutvikling

Direktør for organisasjon og infrastruktur innleia til diskusjon. Bruk av lokale gir vanskelege prioriteringar, til dømes er det utfordrande å vekte algoritmar for timeplantiliding. Stort omfang av undervisning kompliserer bildet. Nye møblar er utfordrande i eit berekraftsperspektiv. Det er utfordrande å få til god balanse mellom tilgjengelegheit og bruk av areal. For ofte ser ein at studentar sit åleine der det var tenkt at fleire skulle sitte i lag.

## **Korleis nå ut til studentar om arrangement, verv og liknande**

Studentlivskoordinator innleiia til diskusjon. Studentliv opplever at informasjon om det som føregår ikkje kjem ut til dei som bør vite om det. Dette var tema også på kompetansenettverket for studentar sin suksess i høgare utdanning. Institusjonar brukar ulike kanalar. Nokre brukar Canvas, andre SMS og nokre brukar sosiale medium.

Studiestart, og då særleg første veka, er ein viktig periode då inntrykket av institusjonen blir satt. Nokre institusjonar har difor endra opplegget sitt, slik at fagleg og praktisk informasjon står sentralt første veka. Ei betre introduksjonsveke, er noko det går an å satse på. Fagspesifikke arrangement, der ein kan stole på at ein møter folk frå studiet, kan vere veldig viktig. Studentliv har ulike faste arrangement, med vekt på lågterskel tilgjengelegheit. Studentprest og studentassistentar er med og klare for å snakke med studentane. Dette fungerer godt, og kostar i tid og pengar – om lag halve budsjettet går til dette.

For at folk skal kome, må ein vite kva ein går til, så det er trygt, og gjerne arrangement som legg til rette for at ein kan delta litt i bakgrunnen. Informasjon må ligge ute lenge nok til at det blir fanga opp av dei det er relevant for, og til at ein forstår veldig godt kva som skal føregå. Nokre opplever at det er vanskeleg å finne fram til der informasjonen ligg. Det å kjenne nokon som har lyst til å bli med kan vere heilt avgjerande, det er lettare å delta om ein har nokon å gå saman med.

Studentliv opplever mykje frustrasjon ved å ikkje ha stader å legge arrangement. Særleg vanskeleg er det om ein ønsker å legge til rette for dei små samtalanene i mindre grupper, ikkje berre å møtes i store grupper. Ei utfordring for ein del kan vere at mykje skjer i P52, og at det er langt dit til dømes frå P35.

Hendingskalender bør opp på infoskjermene. Studiestart er viktig, men samanlikna med resten av året er det mange arrangement å delta på i studiestart. Det er vesentleg å også legge til rette for eit levande campus også resten av semesteret. Å støtte studenttillitsvalde vil også føre til gode ringverknader for studentgruppa som heilskap. Kommunikasjon til og med studentar er ei felles problemstilling ved mange institusjonar. Mottak og tydeleg prioritering av kva informasjon som er i kva kanalar, vil kunne hjelpe.

## **Oppfølging av studentforeiningar post-pandemi**

Studentlivskoordinator og leiar av Samfunnet Bislett innleiia til diskusjon. Det tar tid å kome i gang igjen etter nedstengingane. Kanskje skal ikkje foreiningsliv tilbake dit det var, men til ein ny stad. Studentar har eit ekstra press no, med auka kostnader. Dette går kraftig ut over rekruttering og kva aktivitetsnivå som er mogleg. Samfunnet Bislett står for første gong i ein situasjon der dei er usikre på om dei greier å få representantar til styret. Andre studentbarar ser også liknande utfordringar. I 2019 var det 150–200 frivillige. Etter pandemien har deltakinga frå studentane har gått veldig ned. Styret har halde det gåande, men ser at dei ikkje kan halde fram slik det har vore det siste året.

Tal på foreiningar er høgt, investeringar gjennom studentpakke har gitt oppsving for ein del. Det er vanskeleg å rekruttere til styrer, og eit kompetansegap som kjem av dei kulla ein ikkje fekk med gjennom pandemien.

OsloMet var nok underrepresentert på foreiningsdagen. Studentbarane er viktige sosiale møteplassar, men i ei tid der studentar må prioritere lønna arbeid, får frivilligheit hard konkurranse. Den økonomiske situasjonen bidrar til å gjere det vanskeleg å rekruttere – finst det moglegheiter OsloMet å belønne frivilligheit? Samfunnet ønsker å leige / låne ut lokale til foreiningar, og særleg fredagane er det veldig ønskeleg å få inn foreiningar til å arrangere. Det er nok mange nok som ikkje veit at det er mogleg å bruke Samfunnet til arrangement. Kan OsloMet bidra til å gjere det lettare å finne fram til Samfunnet og gjere det meir synleg? LMU bør kome tilbake til diskusjonen med forslag til løysingar.

## Studiestart

Representantar frå Studentteamet i SK og Den gode studentopplevinga leiia om kva opplegg som finst. Det er behov for 800-900 fadderar, og framleis eit stykke igjen før mange nok er på plass. «Systemer i Studiestart» er eit samarbeid på tvers av organisasjonen.

Psykososialt læringsmiljø, språkutfordringar og digitale ferdigheiter har vist seg å vere viktige tema tidleg i studieløpet. INTERACT har meldt tilbake om at det er eit behov for nokre tidlege kurs i digital kompetanse, slik at studentane kjem raskt og godt inn i studia. Vi har nyutvikla opplegg for å bidra til å lette overgangen frå vidaregåande til høgare utdanning. Mentorordning har vore vellykka. Denne våren har LUI testa ut lunsj-venn, der ein har kopla studentar saman og spandert lunsj.

## Studentfrivillighet / Studentengasjement

Det er vanskeleg å få med studentar, og behov for måtar å nå betre ut. Det finst framleis engasjement, men det har endra form. Kanskje må ein legge opp til meir spontane og kortsiktig innsats enn å tenke større struktur. Lunsj-venn, masterbrunch og liknande verkar lovande. Vi må kunne tole og tore å la aktivitetar vare litt før vi gir opp. Lågterskelaktivitetar er viktig, det er også viktig å få med klassesillitsvalde for å nå ut. Oversikt over og rekruttering av tillitsvalde er eit behov som er påpeikt i mange samanhengar tidlegare, og som OsloMet må finne ei løysing for. Det er krevjande å få studentar til å ta over i fadderstyret, sjølv om det er betalt verv. Det er uoversiktleig kva økonomiske midlar ein kan bruke til frivillig arbeid, og korleis ein kan få tilgang på dei. Studentparlamentet har hatt ein enkel og rask prosess for tildeling.

Ein mogleg veg vidare er å spreie ut innsatsen. Til dømes kunne første veke av studieåret mest ha aktivitetar for førsteårsstudentar. Ein kunne sørge for å ikkje ha mykje undervising for andre og tredje år, slik at dei kan vere fadderar. Øymerka pengar til programma, til bruk i mentorordning, kan vere eit godt tiltak. Fadderstyret bør lønnaast, men det er ikkje nok i seg sjølv. Kopling til eksisterande struktur er viktig. OsloMet har mange som stiller opp, desse personane og kontaktpunkta må få støtte og mening. Til dømes er dette tillitsvalde, fadderstyre og studiekontakter.

Sjølv om vi har meir å gjere, har OsloMet mange aktivitetar, hendingar og foreiningar ein kan ta del i. Konsulatet er foreininga for foreiningane, denne er viktig, men vanskeleg å drive. Utfordringane handlar mest om administrasjon og kontinuitet, kanskje kan OsloMet bidra på noko vis.

## Interne utfordringar

Det er stor variasjon i korleis programma gjer studiestart. Kan organisasjonen bidra for å sikre godt minimumsnivå? Det kan vere bra å prioritere dei kritiske periodane i studentreisa, som studiestart og slutten av mastergradene. Mangel på midlar er ei utfordring, der institusjonsnivået kan bidra til prioritering. Det er ei uro for at stramme økonomiske rammer vil gjere at vellykka sosiale tiltak kan bli nedprioritert etter den veldig gode innsatsen frå pandemitida og innsatsen som har kome etter pandemien. Nedbygging av skiljet mellom fagleg og sosialt kan vere verdt å satse på. Kan vi få studentane til å senke skuldrane på at dei får nokon å vere saman med, vil mykje vere gjort. Det er ei utfordring at både faddarar og nye studentar har for tette timeplanar og skal ta til seg for mykje informasjon. Campus må inn i tankegangen, får vi studentar til å bruke meir tid på campus, vil det bidra. Demokratitid har blitt innført andre stadar, det sikrar at mange har ledig tid samtidig.

For å få til gode resultat, må vi både sette av tid til å få tiltak til å fungere, og tore å stå i det til ting fungerer.



## Læringsmiljø og kvalitetsrapport

I universitets- og høyskulelova vart det i 2021 presiserte at i eit heilskapleg læringsmiljø inngår fysiske, digitale, organisatoriske, psykososiale og pedagogiske forhold. Endringa var ikkje meint å endre, med å tydeleggjere ansvaret institusjonane hadde.

OsloMet var tidleg på, og hadde temaet oppe i LMU hausten 2019, etter publiseringa av ein evalueringsrapport om LMU-ordninga. OsloMets kvalitetssystem omtalar ikkje eksplisitt pedagogisk og digitalt. Dette har nyleg blitt påpeikt i andre institusjonar sine tilsyn med kvalitetsarbeidet i 2023, så det bør vi gjere tydeleg i kvalitetssystemet.

LMU meiner at tilbakemeldingspunkt, bruk av emneevalueringar og å formidle tydelege forventningar til studentane er viktige element i eit godt læringsmiljø. Vi må sjå på korleis desse aspekta faktisk påverkar studentane, og ta utgangspunkt i det. Korleis brukar vi ulike verktøy? Timeplanlegging og lite god utforming av Canvasrom er kjende utfordringar. Kanskje kan enkle grep gjere mykje, om fleire følgjer god praksis for å strukturere informasjon.

Internasjonale studentar og mangfald av språk bidrar til kommunikasjonsutfordringar og gir dårlege opplevingar, til dømes med at ein ikkje får svar på det ein treng. Betre informasjon og førstelinje vil hjelpe. Det er viktig å sette studiekvardag i fokus, mange av dimensjonane er overlappende. Heilskapstenking om informasjon vil vere viktig. Studentar snakkar seg i mellom og oppdagar fort om OsloMet ikkje vi har felles kommunikasjon. Vi må velje ut nokre område å arbeide med, for å ha håp om å faktisk oppnå betring.

Studentar opplever å måtte lære seg på nytt korleis ein får informasjon i kvart nye emne. Dette tar kapasitet til innsats bort frå studiet. Det blir gjort veldig mykje, og gjort mykje tilpassing, men det er individualisert på ein måte som kan gjere det vanskeleg å nyttegjere seg av. Innan EVU har det blitt gjort ein vri på Canvasmalen, slik at emneansvarlege slepp å bruke mykje tid på å sette opp sjølv. Kanskje kunne eit slikt tilbod kome opp.

## Emnerapportar tilgjengeleg for studentar

Saka kjem opp fordi dette var ei anbefaling frå NOKUT i førre tilsyn med kvalitetsarbeidet, det er eit ønske frå institusjonen, og fordi studentane ønsker å sjå at evaluering fører til endring.

Noko handlar om å vise til studentar kva som kan endrast, mange emneansvarlege får dei same tilbakemeldingane år etter år, som ein kanskje kunne unngått om informasjonen til studentar var betre. Det skal ikkje vere personopplysingar i emnerapportar, men enkelte har brukt dette som unnskyldning for å ikkje dele innhaldet. Som emneansvarleg sit ein nok ganske åleine med dette arbeidet, OsloMet treng å sikre gode system rundt det, og bidra til at ein har nokon å diskutere utvikling av emne med. På andre sida er det i mange emne fleire undervisarar. Legg vi tilstrekkeleg til rette for samarbeid? Det er vesentleg å hegne om den faglege autonomien for undervisar og emneansvarlege.

Vi må inn gjennom fleire kanalar for å vise til undervisarar at dette er eit reelt behov for studentane, og at studentane skal forvente å ha tilgang. Er det mogleg å tydeleggjare plassere ansvaret for at desse dokumenta skal vere tilgjengeleg for studentar? LMU stiller seg bak at dette er vesentleg å få på plass. Prorektor følgjer opp, i dialog med OI-direktør.